

# Høyringssvar på forslag til endringar i kraftberedskapsforskrifta

Otra Kraft DA deler synet til NVE om at regelverket skal vere *tydelig, forutsigbart og målbart*. For vår del ynskjer me i tillegg å legge til praktisk innretta. Det er eit poeng at regelverket og system er slik innretta at det er mogleg å fylgje det.

Otra Kraft DA meiner som NVE at det er føremålstenleg å lage ein ny § 2-11 og take bort § 6-7, sidan desse forholda er av generell karakter.

## **Interne personell:**

Når det gjeld innhaldet som er sendt på høyring er det bra med opninga for bruk av politiattest i tillegg til kreditsjekk og at dette skal nyttast ved nyttilsetjingar. Momentet at dette skal nyttast er ei god presisering, samt at det gjev heimel for å hente inn politiattesten.

I forskrifa ein har i dag heng det litt i lufta kva krav som gjeld for dei som allereie er tilsette. Det ser ut til å vere endå meir utydeleg i forslaget til ny forskrift. I gamal utgåve hadde ein fylgjande:

*"KBO-enheter kan kreve at personer som skal få tilgang til anlegg, system eller annet i klasse 2 og 3 skal fremlegge kreditsjekk.*

*KBO-enheter skal før de fremsetter krav etter annet ledd foreta en risikovurdering.  
Kreditsjekk skal ikke anvendes dersom det kan iverksettes andre egnede sikkerhetstiltak."*

Etter det me kjenner til har dette vorte tolka som at det er opning for full bakgrunnsjekk av noverande tilsette. Denne praksisen er etter vårt syn helt på kanten av kva me meiner forskrifa gjev opning for. I forslaget til ny tekst ser dette ikkje ut til å vere handsama i det heile. Det bør verte skrive noko om kva som gjeld for allereie tilsette, både verkemiddel som kan nyttast og kor "fersk" sjekken må vere og om det må gjerast med eit gjeve intervall. Ein må hugse på at det er låg omløpsfart på tilsette og det vil difor i stor grad vil vere lang tid frå ein vert tilsett til ein sluttar i selskapet.

Me frykter at krav om politiattest og kreditsjekk fører til at dette vert tenester ein "kjøper" og at eigarskapet i eige hus til denne delen av kontrollen kjem bort. Me meiner det er best at denne

kontrollen ligg i eige selskap eller hjå eit statleg organ. Etter å ha vore gjennom ein runde med denne typen ekstern kontroll verkar dette å vere overflatisk og lite eigna til å avdekke meir djuptrekkande trugslar, som er dei forholda Otra Kraft DA meiner at ein bør ha kontroll på for å handtere trugsmål frå indre aktørar.

### **Eksternt personell:**

I forslag til revidert forskrift har ikkje Otra Kraft DA funne ut kor lenge ein kontroll av ekstern vil vere gjeldande. Er det ei eingongsgodkjenning, er det for ein viss tidsperiode eller er det på oppdragsnivå. Om det må godkjenning gong for gong vert ressurspådraget etter vårt syn veldig stort. Det påverkar også konkurransesituasjonen sidan dei som er på "innsida" har ein fordel mot dei som er på utsida.

Det ville etter vårt syn vore både nyttig og rasjonelt med ei form for "sentral" godkjenning. Mange av våre leverandørar arbeider for fleire verksemder både innafor og utafor kraftbransjen. Dei er inne hjå oss ein kortare periode. Kraftbransjen og spesielt dei høgast klassifiserte anlegga representerer samfunnskritisk infrastruktur ein ynskjer å halde oppe/ verne seg mot utilsikta tilgong. Difor er det etter vår mening betre med eit sentralt register/etat jamfør løysinga ein har for offentleg tilsette med sikkerhetsklarering. Me oppfattar dette å vere eit behov i andre bransjar, t.d. telekom. Det kan vere grunnlag for å opprett ein slik "etat" for å handtere alle private samfunnskritiske aktørar. Alternativt at ein får ei form for godkjenningsordning i NVE; NVE godkjent personell. Me meiner at NVE burde vurdere om det kunne etablerast eit slikt organ enten på innsida eller på utsida av eige hus.

Forslaget som er på høyring no ser ut til å legge opp til at ein kan ha eige personell tilstades som fotfylgjer leverandøren slik at denne ikkje treng sjølvstendig tilgong til anlegg eller system, men også dette er ressurskrevjande. Det er også lite i tråd med mannskapskapasiteten ein har tilgong til.

### **Generelle kommentarar:**

Når krava til kva som skal undersøkast vert nedfelt i forskrift vil det også vere enkelt for trugselaktørar å finne ut kva som gjer at ein vert vurdert som ikkje skikka og dermed tilpassa seg slike krav. Den fordelen ein har i Noreg med eit samfunn bygt på høg tillit, evna og viljen til å bry seg og små oversiktlege forhold der ein kjenner kvarandre meiner me er det beste for å motverke ytre og indre trugslar på anlegg. Det ser sjølv sagt annleis ut der det er tale om digital tilgong, men der det er tal om tilgong på anlegg meiner me at denne blandinga av tillit, sunn skepsis også bør utviklast og ikkje sløvast ned at forskrifttekst som avgrenser sjekken til ei punktliste.

Etter vårt syn er det eit steg bort frå det opne tillitsfulle samfunnet Noreg er tufta på. Det å bry seg å legge merke til endringar for på den måten fange opp om nokon slit og dermed kan representere ein risiko for verksemda. Dette vil også ha vere mykje høgare ferskvare enn kreditsjekk og politiattest sidan dette vil fange opp forhold som ligg ei stund tilbake i tid.

**Oppsummert:**

- Oppretting av ny §2-11 er bra.
- Heimel og krav til å nytte politiattest ved nytilsejingar er bra.
- Korleis dei som allereie er tilsette skal handterast bør presiserast.
- Opning for å bakgrunnssjekke eksterne utan sjølvstendig tilgong er bra.
- Ordning for eksterne med sjølvstendig tilgong bør presiserast. Avhengig av om det er eingongsgodkjenning eller pr oppdrag påverkar ressurspådraget. Om et vert eit eit stort ressurspådrag bør dette inn som ei form for "sentral godkjenning"

Til slutt ynskjer me å legge til at det ser ut til å vere lite tid til å kunne gå gjennom innspela når høyringsfristen er 01.06.2020 og at det skal setjast ut i livet 01.07.2020.

Helsing  
Otra Kraft DA

*Easteren Bjørgum*